



Julegrana er tent 1. desember 2006. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**No er AKSJON JULEGRAN avslutta og responsen har vore overveldande, heiter det i eit takkebrev til alle som har delteke. Startskotet gjekk 1. november og det kom inn 32.000 kroner. No lovar eldsjelene ei lysande julegran i mange år framover. Dette er takkebrevet:**

” Første november gjekk startskotet for AKSJON JULEGRAN. Kassa var tom, og det var nødvendig å få inn pengar til drifta av den flotte julegrana vår. Sidan det var eit så godt og samlande prosjekt, meinte vi at det var nok å skriva ein invitasjon til å støtta opp om prosjektet i dei to lokalavisene, i tillegg til på uskedalen.no. Dette skulle visa seg å slå til.

Responsen har vore overveldande, og pengestraumen inn på julegranskontoen har vore jamn og god. Svært mange har vist si støtte til den flotte julegrana ved å gje gåve. I dag står det om lag 27.000 kroner på kontoen, og då er det betalt ut om lag 5000 kr til utstyr og pærer etter at aksjonen starta. Noko har gått til nye lyslekkjer, og dessutan har det gått med i overkant av 200 lyspærer dette året. Om lag 32.000 kroner er såleis samla inn, og det resultatet er både imponerande og gledeleg.

Svært mange har støtta opp, og det er det høge antalet på støttespelarar som er hovudgrunnen til det gode resultatet. Mange takk til alle saman!!

I tillegg til den høge pengesummen har det og kome inn ei stor og flott gåve frå Kvinnherad Elektro AS. Dei har lova å gje 120 lyspærer kvart år i fem år framover. Ei gåve som er til svært god hjelp.

Største pengegåva er komen frå Eidsvik Skipsbyggeri AS med 2500 kroner, og som eit tredje firma ønskjer vi å nemna Spar-butikken på Sanden. Sparegrisen dei har hatt ståande framme, har vore flittig brukt, og det har vore nødvendig med tøming i banken gledeleg ofte. Til saman har dette siste året bringa inn tett på 7500 kroner. Saman med det som vart samla inn rundt jula 2005 har det på dette viset blitt samla inn opp mot 10.000 kroner. Flott tiltak og imponerande resultat!

Aktivitetshusets Damevenner har og vore gode bidragsytarar. Ved innsamlingar to siste åra har dei fått inn i overkant av 1500 kroner. I tillegg overførte dei ei gåve på 1000 kroner etter julemarknaden i desember.

Vi takkar både dei som er nemnde her og alle dei andre som har bidrege til det gode innsamlingsresultatet. Dette viser oss at Julegrana er eit samlande monument for bygda vår. Eit så flott resultat er og inspirerende for oss som har ansvaret for pyntinga. Det gjer arbeidet lettare, og vi kan no lova ei lysande julegran i Uskedalen i mange år framover.

Tusen takk alle saman!!

Aksjon julegran/ Uskedal Musikklag

Gunnvald Friheim  
Ståle Eik  
Lars Myklebust  
Knut Stensletten.